

Omsetjarane av Skulelinux og KDE

12. mai 2013

Språklege
retningslinjer for
omsetjing av
programvare til norsk

Innhald

1 Innleiing	1
1.1 Norsk eller engelsk	1
1.2 Avløyсарord og importord	2
2 Språknormalen	2
2.1 Nynorsk	2
2.1.1 Generelt	2
2.1.2 2012-rettskrivinga	3
2.1.3 Nokre grunnreglar og spesialtilfelle	3
2.1.4 Nokre enkeltord	5
2.1.5 Automatisk korrekturlesing	6
2.2 Bokmål	7
3 Generelle retningslinjer	8
3.1 Direkteomsetjing	8
3.2 Personifisering	9
3.3 Brukaren	10
3.4 Høflegheit	10
4 Ordklassar og setningskonstruksjonar	11
4.1 Endring av ordklasse	11
4.2 Substantivsjuke	11
4.3 Progressiv	11
4.4 Spørsmål og utrop	12
4.5 «To»-uttrykk	12
4.6 Imperativ	13
4.7 Fortid og framtid	13
4.8 Ubunden form eintal	14
5 Spesielt om dataprogram	14
5.1 Store og små bokstavar	15
5.2 Tastar	15
5.2.1 Tastekombinasjonar	17
5.2.2 Snarvegstastar	17
5.3 Referering til kommandoar	18
5.4 Omsetjing av programnamn	19
5.5 Omsetjing av funksjonar	20
5.5.1 Generelt	20
5.5.2 I rekneark	20

6	Val av ord og omsetjingar	20
6.1	Fy-ord	20
6.2	Namn på språk og land	21
6.3	Adresseskjema	22
6.4	Faste uttrykk	23
6.5	Personnamn og adresser i eksempel	24
7	Typografi og rettskriving	24
7.1	Hermeteikn	24
7.2	Komma	25
7.3	Mellomrom før utropsteikn, kolon, semikolon og spørjeteikn	25
7.4	Ellipsesteikn	26
7.5	Lister	27
7.5.1	Punktmerkte lister	27
7.5.2	Nummererte lister	27
7.6	Forkortingar	27
7.7	Tal og siffer	28
7.8	Storleikar og einingar	29
7.8.1	Einingar	29
7.8.2	Prefiks	29
7.8.3	Mellomrom	30
7.8.4	Matematiske operatorar	30
7.8.5	Store og små bokstavar – eintal og fleirtal	31
7.8.6	Ordet «per» og symbol	31
7.8.7	Binærprefiks	32
7.9	Samsvarbøying	33
8	Eksterne hjelpemiddel	34
8.1	Ordbøker og ordlister	34
8.1.1	Generelt	34
8.1.2	Matematikk	34
8.1.3	Økonomi	34
8.1.4	Data	35
8.1.5	Dyr, fuglar og fisk	35
8.1.6	Anna	35
8.2	Dataomsetjingsordlister	35
8.2.1	Ordlister frå ferdig omsett programvare	35
8.2.2	Andre dataomsetjingsordlister	35
8.3	Skrivereglar	36
8.4	Diskusjonsgrupper	36

1 Innleiing

Dette dokumentet inneheld språklege retningslinjer for omsetjarar av programvare til norsk – nynorsk og bokmål. Det er skriva for Skulelinux-prosjektet og KDE, men kan brukast av alle som ønskjer eit godt språk i omsetjingar av dataprogram.

Dokumentet er delt inn i fleire kapittel, med underkapittel. Viss målforma ikkje er spesielt nemnd, gjeld teksten både nynorsk og bokmål. Elles skal det gå klart fram kva målform som er omtala.

Endringar til dokumentet er hjarteleg velkomne. Retting av skrivefeil og mindre endringar kan du sjekka direkte inn, mens større og meir «kontroversielle» endringar bør du først ta opp på diskusjonslista i18n-no@lister.ping.uio.no.

Viss du ønskjer å skriva ut dokumentet, kan (og bør!) du bruka PDF-versjonen¹, som er optimalisert for utskrift.

1.1 Norsk eller engelsk

Alle engelske faguttrykk *skal* setjast om til tilsvarende norske uttrykk. Me brukar for eksempel «skrivar», og ikkje «printer». Nokre nyare ord kan gjerne verka merkelege, spesielt for folk som kjenner til dei engelske versjonane. Dette er ei rein vanesak. Hugs at for dei engelske brukarane er desse «nyorda» like merkelege når dei først vert introduserte. Ordet «mouse» var til å le seg i hel av når det først kom!

I PC-ens barndom her til lands gjekk alle rundt og «seiva» dokument. Etter at norske tekstbehandlingsprogram hadde vore på marknaden nokre år, var det vanskeleg å finna folk som gjorde anna enn å «lagra» dokumenta sine. Ordet hadde glidd inn i bruksvokabularet, og det var ingen som lenger tenkte på at å «lagra» var noko ein berre gjorde med matvarer i skap og spiskammer. Det er vanleg at ord får nye tydingar i dataspråket.

Det er to hovudgrunnar til at me brukar norske ord:

- Omsetjinga er til for *heile* folket. Me ønskjer at programma skal kunne brukast av *alle*, og då nyttar det ikkje at dei snakkar halvt engelsk. Ein skal ikkje vera avhengig av ordbok for å kunna bruka dataprogram!

¹ <http://i18n.skulelinux.no/retningslinjer.pdf>

- Dei engelske uttrykka er ofte utforma for å gjera dei lette å forstå, og å hugsa. Dei brukar gjerne vanlege ord i overført tyding. For eksempel vil ein vanleg «firewall» (brannmur) hindra brann å spreia seg, mens ein *elektronisk* brannmur hindrar data å spreia seg. Viss ein vel å bruka dei engelske orda, vil all omtanke som gjekk med på å skapa desse orda vera forgjeves.

1.2 Avløysarord og importord

Korleis skal me laga nye ord? Dette er ikkje rett plass ta opp eit så stort emne. Me viser heller til tre interessante artiklar som tek opp problemstillinga:

- Norske avløysarord²
- Importord – fornorsking eller norvagisering?³
- Lånte fjær eller bunad? (PDF-utgåve)⁴

2 Språknormalen

Me brukar konsekvent den offisielle språknormalen, då me ønskjer at programma skal kunna brukast i skulen. Opplæringslova med forskrifter seier at dei same reglane som gjeld for trykte læremiddel gjeld for elektroniske læremiddel (med nokre unntak). Programma må altså liggja føre på begge målformene. Sjå Jon Grepstad sin artikkel om opplæringslova og elektroniske hjelpemiddel⁵ for fleire opplysingar.

Men det er òg ein viss valfridom *innanfor* normalen. Når det gjeld omsetjing, er det likevel viktig at alle programma brukar same ord og ordformer. Me har derfor blitt einige om desse retningslinjene:

2.1 Nynorsk

2.1.1 Generelt

- A-infinitiv (opna, senda, vera)

² http://www.sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Raad/Norsk-for-engelsk/Importord/Norske_avloeyasarord/

³ http://www.sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Raad/Norsk-for-engelsk/Importord/Norsk_skrivemaate_av_importor/

⁴ <http://www.sprakradet.no/upload/567NORVb.pdf>

⁵ <http://home.online.no/~gjon/opplar.htm>

- Innkjeksønsord får *utan unntak* inga ending i fleirtal
- Unngå an-be-heit-else-ord (me kan ha unntak)
- Skriv verbalt og naturleg!

2.1.2 2012-rettskrivinga

Den 1. august 2012 kom det ei ny rettskriving for nynorsk⁶. Skiljet mellom læreboknormalen og den fulle nynorsknormalen vart då oppheva. Dette medfører at det ikkje er noko som heiter klammeformer lenger, og at me i prinsippet har mange fleire former å velja mellom (nokre former har òg gått ut). For å gjera ting enkelt – ikkje minst fordi me alt har omsett mange program etter den gamle normalen – har me valt å ha som grunnregel at me brukar dei gamle læreboknormalformene når me har valet mellom to/fleire former. Men me har ein del unntak som er lista opp i desse retningslinjene. Desse gjeld spesielt tilfelle der den nye normalen gjer språket meir konsekvent og lettare.

2.1.3 Nokre grunnreglar og spesialtilfelle

Som grunnregel brukar me *-ar*-forma i presens av verb der me kan velja mellom *-ar* og *-er*. Me skriv for eksempel «brukar» i staden for «bruker», «klarar» i staden for «klarar» og «spelar» i staden for «speler». Men for desse tre verba brukar me *blanda bøyning*, med preteritums-, perfektum- og adjektivformene «brukt(e)», «klart(e)» og «spelt(e)» i staden for «bruka», «klara» og «spela». Blanda bøyning vart først tillaten i 2012-normalen.

Hovudgrunnen er uttrykk som «Klarte ikkje [utføra handling]», som dukkar opp veldig ofte i omsetjingane våre. Denne synest me vil verka altfor rar preteritumsforma «Klara ikkje [utføra handling]», som er lett å misforstå, då «klara» er presensforma i nokre dialektar. Tilsvarende gjeld uttrykk som «bruka dokument».

Nokre verb har valfri *-de/-te* eller anna ending i preteritum eller perfektum og tilhøyrande former. Eit eksempel er «å skremma», som kan bøyast «å skremma – skremmer – skremde/skremte». For slike ord brukar me endinga *-de*. Nokre spesialtilfelle:

- å slå – slått (ikkje slegen)
- å få – fått (ikkje fådd)
- å gå – gått (ikkje gådd)

⁶ <http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Aktuelt/nynorsknorm/>

- å heva – heva (ikkje hevd(e))

Nokre ord har valfritt kjønn. Følgjande reknar me som hankjønnsord:

- pakke
- tekst

Og følgjande reknar me som inkjekjønnsord:

- fellesskap
- medlemskap

Når me kan velja mellom enkel og dobbel konsonant, bør me velja det som fell mest naturleg / er vanlegast. Me brukar dobbel konsonant i «velkommen», «hammar», «ressurs» og «dommar», men enkel i «kjøt» og «kjøken». Viss du er i tvil, høyr på diskusjonslista.

Valfri *j*: Me brukar konsekvent *j*, for eksempel i substantivet «rekkje» og verbet «å setja».

Fleirtalsformer hankjønn og hokjønn: I 2012-reforma vart det lov å vera konsekvent her, og det er me. Me brukar *-ar/-ane* for hankjønnsord og *-er/-ene* for hokjønnsord. Denne regelen er veldig lett å hugsa, og ein slepp å pugga unntak (norrøne former). Før måtte me bøya «ein vegg» som «vegger» og «veggene» og «ei elv» som «elvar» og «elvane». No vert det «veggar» og «elver». (Strengt tatt kunne ein skriva «elver» før òg, men det var då eit hankjønnsord (!) som betydde «alv» (det overnaturlige vesenet), ikkje ein vasstraum.) Merk at dette også gjeld *-nad*-ord, som «søknad» og «månad», som før hadde obligatorisk *-er*-ending.

Orda «breidd», «lengd» og «høgde»: I 2012-reforma vart det lov å skriva «breidde», «lengde» og «høgde». Me held på dei *gamle* formene.

Ordet «stig»/«sti». Før 2012-reforma heitte dette berre «stig» i læreboknormalen. Dette kunne vera forvirrande, spesielt i bunden form. No kan me skriv «sti», og gjer det konsekvent (for eksempel i ord som «søkjesti»).

Ordet «eige»: Før 2012-reforma vart dette bøygd «eige – eig – ått – åtte». No er det lova å skriva «eigde» og «eigd», og det gjer me. Dei gamle formene kunne vera forvirrande i datatekstar (for eksempel i «Åtte filer»).

Generelt prøver me å få til eit moderne, brukarvenleg, munnleg språk, som verken er veldig konservativ eller veldig radikalt.

Elles, dersom du er i tvil om bøyinga av eit ord, er det berre å bruka programmet ordbanken⁷. Dette gjer det lett å slå opp alle formene av eit grunnord, og viser resultatet i ein oversiktleg, fargekoda tabell. Det har òg eit tilhøyrande KDE-grensesnitt.

2.1.4 Nokre enkeltord

Til slutt er det stor valfridom i stil når det gjeld enkeltord. Skal me for eksempel bruka «å handsama» eller «å behandla»? Me har blitt einige om desse variantane:

Bruk	Ikkje bruk
abonnera	tinga
handsama	behandla
be	bede
bestilla	tinga
bind	band
forbokstav, fornamn	føre-
framfor	framføre
(fri)villig	(fri)viljug
først	fyrst
gjennomiktig	gjennomsynleg
gjetta	gissa
gje	gi
hjørne	hyrne
la	lata
linje	line
lys	ljøs
løp	laup
mislukka	mislykka
me	vi
mogleg	mogeleg
nabo	granne
nyheiter	nyhende
nødvendig	turvande, naudsynt
oversikt	oversyn
ressurs	resurs
samtidig	samstundes
sikker/trygg	viss

⁷ <http://huftis.org/artiklar/ordbanken/>

Bruk	Ikkje bruk
gøyma	skjula
skyva	skuva
tilbake	attende
unntak	unnatak
velkommen	velkomen
verta	bli

Merk at «verta» og «bli» vert rekna som to sjølvstendige verb. Men brukar både presensordet «vert» og preteritumsordet «blitt».

2.1.5 Automatisk korrekturlesing

Me har utvikla eit system for automatisk korrekturlesing av nynorskomsetjingane våre, basert på Pology⁸-rammeverket. Dette finn mange av dei vanlegaste feila. Korrekturlesingsfilene følgjer med Pology, men er òg tilgjengeleg via Skulelinux-SVN-arkivet, i mappa `i18n/kde4/summit/pology/lang/nn`.

For å bruka det er det greiast å leggja Pology-verktøya til standard søkjesti, for eksempel ved å leggja følgjande til i `~/ .bashrc`:

```
export PATH=$PATH:adresse-til-svn-mappa/i18n/kde4/summit/pology/bin
alias sjekk="posieve --skip-obsolete check-rules -slang:nn
-slokalize"
```

Start eit nytt terminalvindaug. No kan me korrekturlesa ei fil eller mappe med kommandoen `sjekk fil.po` eller `sjekk mappe`. Me får ut ei oversikt over alle omsetjingane med feil. Viss me har Lokalize oppe, vert filene opna i dette programmet, og lista over omsetjingar vert filtrert til berre å innehalda dei med feil.

Viss det er nokre falske positive, er det berre å leggja til ein kommentar på forma `skip-rule: e-infinitiv` til den aktuelle omsetjinga. Her er `e-infinitiv` ID-en til den aktuelle korrekturlesingsregelen (vert vist når me køyrer skriptet). Det er også mogleg å forbetra regelen, leggja til unntak eller laga nye reglar. Ta kontakt med diskusjonslista vår for hjelp.

⁸ <http://pology.nedohodnik.net/>

2.2 Bokmål

- Bruk artikkelen «en» (en liste, ikke ei-liste)
- For ord som kan ta både hunkjønn og hankjønn har vi valgt å bruke formene nedenfor, ofte -a former der det er valgfritt, men ikke i alle tilfeller. (Ifølge Språkrådet er det lov å bruke hvilke former man vil, bare man er konsekvent, altså samme form på samme ord – ikke for eksempel både «boka» og «boken».)

Hunkjønnsord	Hankjønnsord
boka	adressen
blokka	cellen
endringa	fanen
fila	pressen
fordelinga	siden
formateringa	tiden
fram	
godkjenninga	
gruppa	
grupperinga	
handlinga	
håndteringa	
inndelinga	
investeringa	
justeringa	
krypteringa	
lenka	
linja	
lista	
mappa	
markeringa	
meldinga	
merkinga	
musa	
nummereringa	
oppdateringa	
oppføringa	
orienteringa	
pila	
plasseringa	
ramma	

Hunkjønnsord	Hankjønnsord
renta	
rettinga	
rota	
ruta	
samlinga	
skraveringa	
skrifta	
sorteringa	
(inn)stillinga	
tavla	
tegninga	
uka	
uthevinga	
utviklinga	

(NB: «kolonnen» og «maskinen» er bare tillatt som hankjønnsord!)

Vi bruker formen «-ene» som bestemt form flertall på intetkjønnsord: et punkt – punktene (og ikke et punkt – punkta).

Vi bruker formen «-rene» som bestemt form flertall på hankjønnsord av tredje klasse: en parameter – parametrene (og ikke en parameter – parameterne). Ikke forvirr ord som «lærer» med ord av denne ordklassen.

For bøyingsparadigmer i bokmål se Forklaring til bokmålsordboka⁹.

3 Generelle retningslinjer

Her følger nokre generelle retningslinjer som kan vera greitt å ha i bakhovudet når me set om.

3.1 Direkteomsetjing

Som omsetjar skal du laga ei best mogleg oppleving for brukaren. Direkte omsetjing av den engelske originalteksten er *sjeldan* heldig. For brukaren er det revnande

⁹ http://www.dokpro.uio.no/bob_forkl.html

likegyldig kva originalteksten seier. Di oppgåve som omsetjar er å formidla *innhaldet* i denne, i ei best mogleg språkdrakt, slik at teksten vert:

- Kort og konsis
- Lettlest
- Teknisk korrekt

Korte ord er betre enn lange ord – korte setningar betre enn lange setningar. Mykje av teksten du set om held til i dialogvindaug eller menyar, og der er det ofte lite plass! Korte setningar går òg raskare å lesa enn lange, men la for all del ikkje lengda gå på kostnad av innhaldet, eller kvaliteten. Ei dårleg formulert *kort* setning tek mykje lenger tid å lesa og å forstå enn ei godt formulert lang setning.

For at teksten skal vera lettlest, må han følgja vanleg norsk setningsbygning. Denne skil seg på vesentlege punkt frå engelsk setningsbygning, og du må ofte, ja nesten alltid, stokka om på orda frå den engelske teksten. Ei setning kan òg verta til eitt ord, eller eitt ord til ei heil setning. Tenk heile tida *flyt* når du set om. Språket skal flyta naturleg.

Omsetjinga skal sjølvstøtt vera teknisk korrekt, men *ikkje* ver redd for å vera mindre presis enn originalteksten. For eksempel kan du gjerne setja om «URI» til «adresse». Sistnemnte vil vera mykje meir forståeleg for folk.

Oftast er ikkje *akkurat det* ordet som er brukt i originalteksten viktig; det var berre det ordet programmeraren fann som passa best i farten. Dei færraste programmerarar er språkgeni, og, i fare for å tråkka nokon på tærne, har me inntrykk av at språkkjensla til den jamne dataprogrammeraren ikkje er mykje å skryta av. I tillegg skriv han gjerne på sitt andrespråk – utviklarane av fri programvare kjem frå heile verda.

Di oppgåve er berre å formidla innhaldet, så ikkje ver redd for å byta ut originalteksten med noko *heilt* anna (som passar sjølvstøtt). Les originalteksten, forstå innhaldet, og tenk på korleis du ville formulert dette på norsk (utan først å ha høyrte originalteksten). **Ver kreativ!**

3.2 Personifisering

Enkelte program brukar av og til ei slags misforstått personifisering av omgrep. For eksempel brukar nettlesaren Mozilla omgrepet «My Sidebar», og i Windows finst det mange slike «My»-omgrep. Dette fører gjerne til tåpelege setningar i dokumentasjonen, eksempelvis «You can let the Web come to you by using My

Sidebar.» (ekte eksempel!). Nøyaktig kven sin «sidebar» er det her snakk om? På norsk kuttar me om me kan ut *alle* slike eigedomspronomen.

Original	Dårleg	Betre
My Sidebar	Min sidestolpe	Sidestolpe
Do not show me this message again.	Ikkje vis meg denne meldinga på nytt.	Vis ikkje denne meldinga på nytt.
Alert me whenever I'm about to view an unencrypted page.	Åtvar når eg er i ferd med å visa ei ukryptert side.	Åtvar ved vising av ukrypterte sider.

3.3 Brukaren

Snakk direkte til brukaren som andreperson. Bruk konsekvent «du» i staden for «ein», uavhengig av kva originalteksten seier.

Original	Dårleg	Betre
One should therefore not store all configuration files in one directory.	Ein bør derfor ikkje leggja alle oppsettfilene i éi mappe.	Du bør derfor ikkje leggja alle oppsettfilene i éi mappe.

3.4 Høflegheit

Engelsk brukar svært ofte «please», mens på norsk treng me sjeldan bruka ordet i det heile. Me er ikkje mindre høflege; me berre uttrykkjer det på andre måtar.

Original	Dårleg	Betre
Please try again later.	Venlegst prøv på nytt seinare.	Prøv på nytt seinare.
Please wait.	Ver snill og vent litt.	Vent litt.

4 Ordklassar og setningskonstruksjonar

4.1 Endring av ordklasse

På engelsk er det lett å laga verb av substantiv og omvendt, slik at for eksempel «edit» vert til «editor». På norsk bør me unngå dette, og heller bruka naturlege, norske skrivemåtar. Som alltid er det ikkje nokon grunn til å avgrensa omsetjinga til orda brukte i originalteksten. Så lenge omsetjinga formidlar *innhaldet*, er ho god.

Original	Dårleg	Betre
Text Editor	Tekstredigerar	Skriveprogram
Buffer Allocator	Buffertildeler	Buffertildeling
Manage Bookmarks	Handter bokmerke	Bokmerkesamling
Download Manager	Nedlastingshandterar	Nedlastingssentral

(«Bokmerkesamling» kan her vera eit menyval som opnar eit vindauge for å ordna og redigera bokmerke.)

4.2 Substantivsjuke

Som vist ovanfor, er det ofte verbalsubstantiv som fungerer best i brukargrensesnitt. I programdokumentasjon og andre samanhengar der me brukar heile setningar, er imidlertid bruk av substantiv *problemet*. Skriv ikkje «Føretar installering av X», men heller «Installerer X». Meir informasjon og mange fine eksempel finn du i dette førelesingsmanuskriptet om «substantivsjuka»¹⁰.

4.3 Progressiv

Den engelske verbformen «progressiv» (going, walking osv.) har ingen direkte oversettelse på norsk. Her er det om å gjøre å unngå norske oversettelser av typen «innskriving av inndatafelt i teksten» (Entering Input Fields in Text). Bedre er oversettelser av typen:

¹⁰ <http://web.archive.org/web/20050426130550/http://www.hf.ntnu.no/nor/fjern/skriftkomm/2001-v/foerelesingar/nynorsk-04.htm>

Original	Dårlig	Bedre
Querying User Data in Conditions	Spørring etter brukerdata i vilkårssetninger	Lage spørring etter brukerdata i vilkårssetninger
Using Master Documents and Subdocuments	Brukning av hoveddokumenter og underdokumenter	Bruk av hoveddokumenter og underdokumenter

4.4 Spørsmål og utrop

I engelsk programdokumentasjon er det vanleg å bruka spørsmål eller utrop, spesielt i overskrifter. Dette høyrer dårleg ut på norsk. Skriv heller om.

Original	Dårleg	Betre
What's New?	Kva er nytt?	Nytt i denne utgåva
How do I use the program?	Korleis brukar eg programmet?	Bruk av programmet
Let's get to know the program!	La oss verta kjende med programmet!	Introduksjon til programmet

Av og til er òg utropsteikn brukte i feilmeldingar. Me brukar vanleg punktum på norsk.

Original	Dårleg	Betre
The server returned an invalid response!	Tenaren sende eit ugyldig svar!	Tenaren sende eit ugyldig svar.

4.5 «To»-uttrykk

På engelsk er det vanleg med uttrykk på forma «To xxx, yyy». Denne setningsstillinga er unorsk. Vanlegvis vil ei omformulering til «yyy for å xxx» fungera veldig bra:

Original	Dårleg	Betre
To continue, click Next.	For å gå vidare, trykk «Neste».	Trykk «Neste» for å gå vidare.

Original	Dårleg	Betre
To access the directory, enter your user name and password.	For å få tilgang til mappa, skriv inn brukarnamn og passord.	Skriv inn brukarnamn og passord for å få tilgang til mappa.

4.6 Imperativ

Imperativ er «kommandoforma» av ord. Denne vert brukt i menyar og dokumentasjon. Her brukar du i regelen stammen av verbet. For eksempel vert «å søkja» til «søk» i imperativ. Men der dette fører til ei tung konsonantopphoping brukar du infinitivforma. Du skal altså bruka infinitivforma «lagra» og ikkje «lagr».

Elles brukar me *aldri* aksent i imperativ. Det heiter altså «installer» og ikkje «installér». Sjå òg Norsk språkråd sitt svar på dette spørsmålet¹¹.

Original	Dårleg	Betre
Use	Bruka	Bruk
Open	Opn	Opna
Save	Lagr	Lagra
Install	Installér	Installer
Check	Kontrollér	Kontroller

Sjå elles Språkrådet sin informasjon om imperativreglar¹².

4.7 Fortid og framtid

På engelsk er det vanleg med setningar sette i perfektum. I dei aller fleste tilfella bør du setja omsetjingane om til preteritum, eller til og med presens. Byt òg frå passiv til aktiv form.

Original	Dårleg	Betre
An unknown error has occurred!	Ein ukjend feil har oppstått.	Det oppstod ein ukjend feil.

¹¹ http://www.sprakradet.no/Sprakhjelp/Raad/Spoersmaal_og_svar/#imperativ

¹² http://www.sprakradet.no/Sprakhjelp/Skriveregler_og_grammatikk/Imperativ/

Original	Dårleg	Betre
The text you entered was not found.	Søkjeteksten vart ikkje funnen.	Fann ikkje søkjeteksten.
The information has been captured.	Informasjonen har blitt lagra.	Informasjonen er lagra.
A password will be used to access the information.	Du vil trenga eit passord for å få tilgang til informasjonen.	Du treng eit passord for å få tilgang til informasjonen.

Tilsvarende gjeld for framtid:

Original	Dårleg	Betre
The message will be sent as plain text.	Meldinga vil verta send som rein tekst.	Meldinga vert send som rein tekst.
Any changes will be lost.	Eventuelle endringar vil gå tapt.	Eventuelle endringar går tapt.

4.8 Ubunden form eintal

På engelsk brukar ein ofte ubunden form eintal. Vanlegvis vil ei omgjerding til fleirtal fungera betre på norsk. I nokre tilfelle vil ei anna omforming vera best.

Original	Dårleg	Betre
Opening a file	Opna ei fil	Opning av filer
Find a bookmark...	Søk etter eit bokmerke ...	Søk etter bokmerke ...
Choose a font size	Vel ein skriftstorleik	Vel skriftstorleik
Installing a program	Installering av eit program	Programinstallering

5 Spesielt om dataprogram

Når me set om dataprogram og hjelpetekstar, dukkar det opp problem me ikkje har ved omsetjing av skjønnlitteratur. Kva skal tastane på tastaturet heita på norsk, og korleis skal me referera til dei, eller til menyval i programma? Og skal funksjonsnamna i eit rekneark setjast om? Eventuelt til kva? Og kva med sjølve programnamna. Slike spørsmål tek me opp i dette avsnittet.

5.1 Store og små bokstavar

På engelsk har menyval og overskrifter store forbokstavar i kvart ord. På norsk har dei ikkje det.

Original	Dårleg	Betre
Save File As...	Lagra Fil Som ...	Lagra fil som ...
Search the Web...	Søk På Veven ...	Søk på veven ...

Namn på månader og dagar skal skrivast med små forbokstavar, ikkje store, som ein gjer på engelsk. (Unntak er sjølvstøtt først i setningar, og andre plassar der ord får stor forbokstav.)

Original	Dårleg	Betre
[...] number of seconds elapsed since January 1, 1970 [...]	[...] talet på sekund frå 1. Januar 1970 [...]	[...] talet på sekund frå 1. januar 1970 [...]
Run every Friday at midnight.	Køyr ved midnatt kvar Fredag.	Køyr ved midnatt kvar fredag.

5.2 Tastar

Alle tastar skal ha fast skrivemåte i norsk omsetjing, uavhengig av korleis dei er skrivne i originalteksten. For eksempel skal «PgUp» setjast om til «Page Up». Her er ei liste over kva tastane skal heita på norsk:

– Escape	– Delete	engelsk
– Tab	– Home	«Backspace»)
– Caps Lock	– End	– Enter (om både
– Shift	– Page Up	«Enter» og
– Windows	– Page Down	«Return»-tastane)
– Ctrl	– Print Screen	– Pil venstre
– Alt	– Scroll Lock	– Pil høyre
– Mellomrom	– Num Lock	– Pil opp
– Alt Gr	– Pause/Break	– Pil ned
– Insert	– Rettetast (på	– Compose

Tastar som finst på Suns spesialtastatur skal følgja dei offisielle norske omsetjingane, slik tastane er merkte på norske Sun-tastatur. Men me brukar nynorske namn i nynorskomsetjinga, sjølv om det ikkje finst noko fysisk tastatur med desse namna.

- | | | |
|------------------------------|---------------|---------|
| – Hjelp | – Angre/Angra | – Søk |
| – Avbryt | – Front | – Klipp |
| – Gjenta | – Kopi | |
| – Egenskaper/
Eigenskapar | – Åpne/Opna | |
| | – Lim | |

Tastar på Mac-tastaturet omset me slik Apple gjer det i sine norske program, pluss nynorskvariantar:

- Kommando (på folkemunne kalla epletasten, då han har eit bilde av eit eple på seg)
- Skift
- Tilvalg/Tilval (har eit bilete av to strekar, og står rett ved sidan av epletasten)
- Enter
- Retur
- Kontroll

Bokstavgastar skriv me med store bokstavar. Det same gjeld F-tastane. Nokre eksempel:

Original	Dårleg	Betre
enter	enter	Enter
PgUp	PgUp	Page Up
Page down	Page down	Page Down
AltGr	AltGr	Alt Gr
Ins	Ins	Insert
DEL	DEL	Delete
ESC	ESC	Escape
Help	Help	Hjelp
r	r	R
f11	f11	F11

5.2.1 Tastekombinasjonar

Ved tastekombinasjonar (fleire tastar haldne inne samtidig) skal kvar tast skiljast med mellomrom og plussteikn. I hjelpetekstar må du setja inn harde mellomrom før plussteikna (og vanlege mellomrom etter), slik at dei kjem på same linje som tasten til *venstre*.

Original	Dårleg	Betre
Ctrl c	Ctrl c	Ctrl + C
CTRL+ALT+DEL	CTRL+ALT+DEL	Ctrl + Alt + Delete
shift + f1	shift + f1	Shift + F1

5.2.2 Snarvegstastar

Du kan ofte bruka tastekombinasjonar til å hoppa direkte til menyar, knappar og andre element på skjermen: «Alt + F» opnar gjerne filmenyen, og «Alt + O» kan gje OK-knappen. Bokstaven du skal bruka er vist med strek under. Slike tastar kallar me *snarvegstastar*, sidan dei er ein slags snarveg til ulike stader i skjermbiletet.

Ideelt sett skal det ikkje finnast fleire snarvegstastar med den same bokstaven innanfor eitt skjermbilete. I praksis er dette ofte vanskeleg å oppnå fordi skjermtekstane kan komma frå mange ulike stader i kjeldekoden. Her er nokre rettesnorar for korleis du kan velja bokstavar til snarvegstastane:

- Vel helst «logiske» bokstavar. Den første bokstaven i det viktigaste ordet er ofte eit bra val: «Nytt yindaug»
- Du kan ofte forutsjå konflikhtar ved å prøva å tippa kva for programtekstar som vil opptre i det same skjermbiletet. Ofte står menyvala etter kvarandre i omsetjingsfila.
- Unngå helst dei særnorske bokstavane æ, ø og å. Det er ikkje alle som har norsk tastatur.
- Sjå kva snarvegstastar som er brukte i andre program.

Det er som sagt vanskeleg å unngå alle tastekonflikhtar. Me har observert skjermbilete der nesten 40 element gjer krav på kvar sin snarvegstast. Verken det engelske eller det norske alfabetet strekk til i slike tilfelle, og feilen bør rett og slett meldast til utviklarane av programmet.

Dr. Klash¹³ er eit kjekt verktøy som kan hjelpa deg med å finna tastekonfliktar i KDE-program. Du kan dessverre berre bruka Dr. Klash i program som er ferdig omsette, men då kan du i det minste fiksa feilen til neste versjon.

5.3 Referering til kommandoar

I programdokumentasjon må me ofte referera til kommandoar, menyval, knappar, tastar og liknande. Viss dokumentasjonen er skriven i rein tekst, brukar me alltid hermeteikn rundt desse namna. Viss formatering (kursiv, halvfeit og fargeleggjing) er tilgjengeleg og brukt i originalteksten, brukar me heller dette. Formateringa skal vera lik for alle program innanfor ein programpakke.

Me brukar pilteiknet «→» som skilje mellom ulike kommandoar/menyval/knappar i referansar til menyval og val i dialogvindaug, uavhengig av kva som er brukt i originalteksten (på engelsk er ein sjeldan konsekvent på tvers av program, og brukar mange ulike teikn, som «-», «->» og «|»): «Innstillingar → Set opp». Bruk «Alt Gr + I» for å få fram teiknet. I tillegg har me mellomrom rundt pila – eit hard mellomrom på venstre side, og eit vanleg mellomrom på høgre side.

Nokre komponentar har eit ellipseteikn, «...», som indikerer at hendinga ikkje vert utført direkte når ein trykkjer på teksten, men at ein for eksempel heller får opp eit dialogvindaug. I kommandoreferansen kuttar me ut dette. Til slutt er det verdt å merka seg at ein i mange samanhenger kan få ei betre omsetjing ved å skriva om dersom referansen berre består av to eller tre komponentar. Eksempel:

Vel «Set opp» frå «Innstillingar»-menyen for å ...

Andre reglar:

- Unngå ordet «klikk». Eit museklikk er sjeldan den einaste måten å utføra ei handling på. Bruk heller «trykk», «vel» eller «bruk».
- Kutt ut preposisjonen «på» framfor kommandonamn.
- Namnet på kommandoen startar med stor bokstav.

Original	Dårleg	Betre
Click Next to continue.	Trykk Neste for å halda fram.	Trykk «Neste» for å halda fram.
Choose «Print...» to open the print dialogue.	Vel «Skriv ut ...» for å opna utskriftsvindaug.	Vel «Skriv ut» for å opna utskriftsvindaug.

¹³ http://techbase.kde.org/Development/Tools#Internationalization_.28i18n.29_Tools

Original	Dårleg	Betre
Click Move Up and Move Down to ... On the "View" menu, choose "View Source". Press the <i>Close</i> button to close dialog.	Klikk Flytt opp og Flytt ned for å ... Vel «Vis kjelde» frå «Vis»-menyen. Trykk på «Lukk»-knappen for å lukka dialogen.	Bruk «Flytt opp» og «Flytt ned» for å ... Vel Vis kjelde frå Vis -menyen. Trykk <i>Lukk</i> for å lukka dialogvindaugget.
On the "File" menu, choose "Open file...". Press Control+c to copy text to the clipboard.	Vel «Opna fil ...» frå «Fil»-menyen. Trykk Ctrl + C for å kopiera tekst til utklippstavla.	Vel «Opna fil» frå «Fil»-menyen. Trykk «Ctrl + C» for å kopiera tekst til utklippstavla.
Choose 'Settings Configure Editor... General View Line Numbers' to... Use Edit->Undo to...	Vel «Innstillingar Set opp skriveprogram ... Generelt Vis linjenummer» for å ... Bruk Rediger->Angra for å ...	Vel «Innstillingar → Set opp skriveprogram → Generelt → Vis linjenummer» for å ... Bruk «Rediger → Angra» for å ...
Use "Edit - Undo" to...	Bruk «Rediger - Angra» for å ...	Bruk «Rediger → Angra» for å ...

5.4 Omsetjing av programnamn

Programnamn skal i hovudregelen ikkje setjast om. Du kan imidlertid gjera unntak for enkelte småprogram, spesielt dersom programnamnet er beskrivande eller særleg funksjonsorientert.

Original	Dårleg	Betre
KWord	KOrd	KWord
OpenOffice.org	OpeKontor.org	OpenOffice.org
Notepad	Notepad	Notisblokk
Solitaire	Solitaire	Kabal

5.5 Omsetjing av funksjonar

5.5.1 Generelt

Det hender programmerarar finn opp nyskapande funksjonalitet, som dei gjev eit eige, ikkje-beskrivande namn, gjerne med merkeleg stavemåte (for eksempel «InterKapitalisering»). Sjølv om dei er skrivne som særnamn, set me dei om til vanlege, norske ord, slik at folk kan *forstå* dei!

Original	Omsett
SpellFix™	Stavekontroll
ChartWhizzard	Diagram
AutoCorrect	Autokorrektur

5.5.2 I rekneark

- Skriv reknearkfunksjonar med store bokstavar.
- For bokmål: Bruk funksjonsnamna til norsk versjon av Microsoft Excel der desse finst.
- For nynorsk: Bruk omsette versjonar av bokmålsnamna.
- Skriv samansette funksjonsnamn med punktum-notasjon.

Original	Dårleg	Betre
DEGREES	grader	GRADER
GET.NOTE	HENTMERKNAD	HENT.MERKNAD
GEOMEAN	GEOSNITT	GJENNOMSnitt.GEOMETRISK

6 Val av ord og omsetjingar

6.1 Fy-ord

Her er nokre ord me gjerne finn i dårleg omsette dataprogram, og som er fristande å bruka. Det skal du imidlertid *ikkje* gjera, med mindre du har veldig god grunn til det (for eksempel kan du bruka «applikasjon» i samanhengar som «ein XML-applikasjon», men ikkje i samanhengar der ordet tyder «program»). Fy-orda står i venstre kolonne, og dei gode alternativa i høgre.

Ikkje bruk	Bruk
aktivera	bruka, slå på
aktivert	på, i bruk, verksam
applikasjon	program
boot	oppstart, starta (opp)
browser	nettlesar, -oversikt
definera	angje, velja, skriva inn
eksistera	finnast
generera	laga
indikera	visa, angje, velja, skriva inn
inkludera	ta med
konfigurasjon	oppsett
lokasjon	plassering, adresse, stad
originale	opphavlege
preferansar	innstillingar
printer	skrivar
server	tenar
sesjon	økt
setja	angje, velja, skriva inn
software	program, programvare

Me prøver elles å byta ut «dialog» og «dialogboks» med «vindaug» eller (når det er nødvendig) «dialogvindaug».

Sjå elles fellesordlista¹⁴.

6.2 Namn på språk og land

Ein del program inneheld lister over språk og land. Eksempelvis må du i tekstbehandlingsprogram velja kva språk teksten står på for at stavekontrollen skal fungera. Av og til inneheld språknamn òg namnet på landet der ein snakkar/skriv språket, for eksempel for å skilja mellom britisk engelsk og amerikansk engelsk. Nøyaktig korleis dette vert uttrykt varierer frå program til program, men på norsk har me standardisert på følgjande skrivemåte for språk med land: «språknamn (landsnamn)».

¹⁴ <http://i18n.skulelinux.no/nb/Fellesordl.eng-no.html>

Original	Dårleg	Betre
English/USA	Engelsk/USA	Engelsk (USA)
US English	Amerikansk engelsk	Engelsk (USA)
English – UK	Engelsk – UK	Engelsk (Storbritannia)
Spanish [Ecuador]	Spansk [Ecuador]	Spansk (Ecuador)

Merk elles at språknamn har liten forbokstav på norsk, mens landsnamn har stor forbokstav. (Unntak gjeld sjølvsagt lister, i begynnelsen av setningar og andre plassar ord vanlegvis får stor forbokstav.)

Namna på nynorsk og bokmål skriv me slik:

Engelsk	Norsk
Norwegian Nynorsk	Norsk (nynorsk)
Norwegian Bokmål	Norsk (bokmål)

Legg spesielt merke til at me på engelsk ikkje brukar parentes, og brukar stor forbokstav *både* i «Norwegian» og i «Nynorsk»/«Bokmål». I tillegg skal det vera «Bokmål», ikkje «Bokmal». Dette er i samsvar med den internasjonale språkstandarden ISO 639. Viss originalteksten ikkje brukar dette formatet, ber du opphavsmannen endra dette.

Me har for øvrig ei omfattande og grundig kvalitetssjekka oversikt over språknamn¹⁵ og landsnamn¹⁶, på engelsk, fransk, nynorsk og bokmål – med tilhøyrande offisielle språk- og landskodar. *Bruk* denne oversikta!

6.3 Adresseskjema

I blant anna e-postprogram finn ein ofte skjema for inntasting av adresseinformasjon. Dette kan vera noko problematisk, då me ikkje brukar same adresseformat her i Noreg som i USA. Og då informasjonen gjerne vert utveksla som visittkort på tvers av ulike program, kan me heller ikkje skriva om skjemaa ved å fjerna og leggja til felt. Derfor får me gjera det beste ut av det, og bruka følgjande omsetjingar av dei ulike adressefelta:

¹⁵ <http://i18n.skulelinux.no/kodar/sprak.html>

¹⁶ <http://i18n.skulelinux.no/kodar/land.html>

Engelsk	Norsk
Zip Code	Postnummer
City	Poststad (<i>ikkje</i> «by»)
State	Delstat/region
Social Security Number (SSN)	Fødselsnummer (<i>ikkje</i> «personnummer»)

6.4 Faste uttrykk

Det finst ein del uttrykk me ofte møter i dataprogram, og som me gjerne bør omsetja likt. Me har òg eit par skrivemåtar å unngå.

Original	Dårleg	Betre
Could not	Kunne ikkje	Klarte ikkje
Can not	Kan ikkje	Klarte ikkje
Unable to	Ikkje i stand til	Klarte ikkje

I heile tekstar skriv me for eksempel «Klarte ikkje opna» utan infinitivsmerket «å». Men merk at i mange samanhengar vil aktiv form vera best, som i «Fann ikkje fila» i staden for «Klarte ikkje finna fila» («Could not find file»).

I verktøytips til avkryssingsboksar finn me tekst som forklarar kva som skjer når det er (ikkje) kryssa av, men her er det brukt eit utal skrivemåtar på engelsk. Her er berre nokre få av dei:

- If this option is enabled, ...
- Check to enable the ...
- Enable this to ...
- If checked, do ...
- When enabled, ...
- If checked, ...
- If enabled, ...
- ...

Dette vert rotete. På norsk har me derfor valt to skrivemåtar, som me brukar konsekvent:

- Viss det er kryssa av her, ...
- Kryss av her for å ...

Vanlegvis brukar me den første varianten, men i nokre samanhenger fungerer nummer to best.

6.5 Personnamn og adresser i eksempel

Av og til må me «setja om» namn, brukarnamn, e-postadresser og nettadresser brukte i eksempel. På engelsk brukar dei ofte «John Doe» som eksempelperson, men det dukkar av og til opp andre namn. Det mest spesielle me har sett er kanskje John Stuart Masterson III.

På norsk brukar ein gjerne Ola Nordmann eller Kari Nordmann. Sidan Ola Nordmann er mest brukt elles, har me for likestillingas si skuld valt å standardisera på Kari Nordmann, som har brukarnamnet `knordmann` og e-postadressa `kari.nordmann@eksempel.no`. Ho skal brukast i alle eksempla, uavhengig av kva som er brukt på engelsk. Viss me treng ein person nummer to i eit eksempel, brukar me Ola Nordmann.

Som me ser av e-postadressa til Kari, brukar me òg `eksempel.no` som standarddomene. Det er, i motsetning til det engelske `example.com`, ikkje reservert, men det får me leva med.

7 Typografi og rettskriving

Det er mange som er usikre på dei typografiske reglane for norsk. Her er nokre av dei viktigaste, og minst kjende, nemnde. Når det gjeld rettskrivinga, har me på nokre område valfridom. Reglane her viser då kva me har blitt einige om å bruka i omsetjingane våre.

Me har òg teke med nokre rettskrivingsreglar det ofte vert synda mot, blant anna på grunn av forskjellige tradisjonar på engelsk og norsk. Uansett er er ei god ordbok alltid til stor hjelp. Skaff deg ei!

7.1 Hermeteikn

I dei engelske tekstane me omset, varierer dei veldig mellom å bruka " og ' som hermeteikn (sjølv om ingen av dei er typografisk rette hermeteikn!). På norsk brukar me konsekvent « og ». Desse teikna finst i ISO 8859-1, og er heilt uproblematiske å bruka. Du skriv dei ved å bruka «Alt Gr + Z» og «Alt Gr + X» med vanleg norsk

tastaturopsett på Linux/Unix. På Windows brukar du «Alt + 0171» og «Alt + 0187» på det numeriske tastaturet.

I dei *få* tilfella me treng indre hermeteikn, vanlegvis til sitat inni sitat, brukar me teikna som liknar på opphøgde 6- og 9-tal, altså teikna U+2018 og U+2019: ‘ og ’. Desse skriv du med «Shift + Alt Gr + V» og «Shift + Alt Gr + B». **Merk:** Me brukar *ikkje* dei ukjønna ‘-hermeteikna» (brukte i programmering), aksentane ` og ´ eller dei enkle hakene < og >.

‘ og ’ finst *ikkje* i ISO 8859-1, men i ISO 10646, og går vanlegvis heilt greitt å bruka.

Original	Dårleg	Betre
Search for "%1"	Søk etter "%1"	Søk etter «%1»
"Use the 'Search' button"	"Bruk `Søk´-knappen"	«Bruk ‘Søk’-knappen»

7.2 Komma

På engelsk brukar ein komma før «and» og «or» i siste punkt i ei liste. Det gjer me *ikkje* på norsk.

Original	Dårleg	Betre
[...] elements, attributes, properties, and events.	[...] element, attributt, eigenskapar, og hendingar.	[...] element, attributt, eigenskapar og hendingar.

Sjå elles Språkrådet sin informasjon om kommareglar¹⁷.

7.3 Mellomrom før utropsteikn, kolon, semikolon og spørjeteikn

Av og til finn du mellomrom framfor enkelte teiknsetjingsteikn i den engelske originalteksten. Dette er eit nesten sikkert teikn på at det er ein franskmann som står bak. Verken på norsk eller engelsk skal me ha mellomrom før desse teikna. Sei derfor frå til forfattaren, slik at originalteksten kan fiksast, og fjern mellomrommet i omsetjinga.

¹⁷ http://www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Skriveregler_og_grammatikk/Kommareglar/

Original	Dårleg	Betre
Password :	Passord :	Passord:
Are you sure ?	Er du sikker ?	Er du sikker?

Men merk at det *skal* vera mellomrom før ellipseteikn på norsk. Sjå nedanfor.

7.4 Ellipseteikn

Eit ellipseteikn (ein ellipse) er tre punktum etter kvarandre. På norsk skal desse alltid ha mellomrom før seg, òg i menyval. (Det finst eitt unntak: Viss ellipsen markerer eit avbrote ord, eksempelvis i uttrykket «Fy f...», skal det ikkje vera mellomrom.)

Me brukar konsekvent det ekte ellipseteiknet, «...» (U+2026), og ikkje tre punktum, «...». I nokre skrifter kan desse sjå litt like ut, mens i andre er det svært synlege forskjellar.

Du kan leggja ellipseteiknet og tankestreken på tastaturet ved å laga ei fil som heiter «.xmodmaprc» i heimemappa, med dette innhaldet:

```
keycode 60 = period colon ellipsis periodcentered ellipsis
periodcentered
keycode 61 = minus underscore endash emdash endash emdash
```

Køyr no kommandoen `xmodmap ~/.xmodmaprc` for å oppdatera tastaturopsettet. No vil «Alt Gr + .» (punktum) gje ellipse og «Alt Gr + -» (bindestrek) gje kort tankestrek. Hald i tillegg inne «Shift» for å få gongeteikn og lang tankestrek (men merk at me berre brukar kort tankestrek på norsk).

I hjelpefiler og andre plassar der ellipsen kan komma på slutten av ei linje, må me bruka eit hardt mellomrom i staden for eit vanleg mellomrom. Dette sikrar at ellipsen ikkje kjem åleine først i ei linje.

Original	Dårleg	Betre
Open file...	Opna fil...	Opna fil ...

7.5 Lister

Det finst to typar lister – punktmerkte lister og nummererte lister. Desse ser forskjellig ut på engelsk og norsk.

7.5.1 Punktmerkte lister

På engelsk brukar ein vanlegvis ein fylt sirkel (•) som punktteikn. På norsk brukar me ein tankestrek (–). Viss tankestrek ikkje er tilgjengeleg, *kan* du heller bruka ein vanleg bindestrek, men prøv for all del å unngå dette.

Engelsk	Norsk
• Item	– Punkt
• Item	– Punkt
• Item	– Punkt

7.5.2 Nummererte lister

På engelsk brukar ein tal etterfølgt av punktum i nummererte lister og overskrifter. På norsk kuttar me ut punktumet, og har eventuelt eit litt større mellomrom mellom talet og punktteksten.

Engelsk	Norsk
1. First item	1 Første punkt
2. Second item	2 Andre punkt
3. Third item	3 Tredje punkt

Det same gjeld for øvrig nummererte overskrifter.

7.6 Forkortingar

Me skriv alltid initialord med store bokstavar, utan punktum mellom kvar bokstav.

Original	Dårleg	Betre
URI	U.R.I	URI

Når det passar, kan me ha utvidinga i parentes etter ordet første gong det dukkar opp, eksempelvis «URI (Uniform Resource Identifier)».

(Men merk at for ordet «URI» føretrekkjer me oftast omsettinga «adresse», som i dei aller fleste tilfelle er presis nok, og mykje meir forståeleg for folk flest.)

Einingar for mål, vekt, mynt og grunnstoff skal heller aldri ha punktum, med mindre dei kjem i slutten av ei setning. Det heiter altså «5 cm» og «1700 MHz».

Andre forkortingar, som «f.eks.» skal alltid ha punktum. Men i omsettingane våre brukar skriv me heilt ut, og brukar ikkje slike forkortingar, sjølv om dei gjer det i originalteksten. Det er vanlegvis nok av plass til dette.

Fleirtal av forkortingar skriv me med bindestrek, *ikkje* apostrof.

Feil	Framleis feil	Rett
CD'ar	CDar	CD-ar
PC'en	PCen	PC-en

7.7 Tal og siffer

I norsk skal vanlegvis tala null til tolv skrivast med bokstavar, og høgare tal med siffer. Men når store og små tal er blanda, må alle bruka siffer. Det same gjeld i meir tekniske samanhenger:

Original	Dårleg	Betre
3 folders and 15 files	Tre mapper og 15 filer	3 mapper og 15 filer

Me brukar eit hardt mellomrom som tusenskiljeteikn og komma som desimalteikn.

Engelsk	Norsk
15,000,000	15 000 000
3.14	3,14

Sjå elles Språkrådet sin informasjon om talreglar¹⁸.

¹⁸ http://www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Skriveregler_og_grammatikk/Tall/

7.8 Storleikar og einingar

7.8.1 Einingar

Som i dei fleste andre land, brukar òg me i Noreg det internasjonale SI-systemet for storleikar og einingar. I omsetjingsarbeidet kjem du sannsynlegvis ikkje i kontakt med fleire enn desse tre einingane:

Storleik	Namn	Symbol
lengd	meter	m
masse	kilogram	kg
tid	sekund	s

Merk at forkortinga for «sekund» er «s». Det hender originalteksten brukar orda «sec» eller «secs». Omsetjinga skal her bruka «s» (eller «sekund», om det er plass til det).

Det finst òg nokre deriverte einingar, som «hertz» (symbolet «Hz», med same tyding som s^{-1}).

7.8.2 Prefiks

Meir aktuelle er dei ulike prefiksa. Her er dei mest vanlege:

Faktor	Namn	Symbol
10^{-3}	milli	m
10^{-2}	centi	c
10^{-1}	desi	d
10	deka	da
10^2	hekto	h
10^3	kilo	k
10^6	mega	M
10^9	giga	G
10^{12}	tera	T

Prefiksa heftar du framfor einingar, utan mellomrom, eksempelvis «MHz = megahertz = millionar hertz».

7.8.3 Mellomrom

Her er reglane for mellomrom mellom måltal og eining:

- Det skal i regelen vera mellomrom mellom måлтаlet (talverdien) og eininga (bokstaven/-ane).
- Dette gjeld òg ved prosentteikn.
- Me brukar eit *hardt* mellomrom for å unngå å skilja måltal og eining.
- Temperaturgrader skal ha mellomrom mellom måлтаlet og «°C».
- Det skal imidlertid *ikkje* vera mellomrom mellom måлтаlet og gradteiknet ved vinklar.

Original	Dårleg	Betre
40MB	40MB	40 MB
99%	99%	99 %
26°C	26°C	26 °C
45 °	45 °	45°

Sjå elles Språkrådet sin informasjon om mellomrom¹⁹.

7.8.4 Matematiske operatorar

Det skal òg alltid vera mellomrom mellom operatorar og operandar i matematiske uttrykk og liknande. I samanhengar der uttrykka kan verta delte over fleire linjer, skal du bruka *hardt* mellomrom før kvar operator (ein operator er for eksempel «+» og «-»).

Me har blitt einige om å bruka desse fire matematiske operatorane (delvis basert på kva som vert mest brukt i lærebøker på barne- og ungdomstrinnet): «+» (pluss), «-» (minus), «×» (multiplikasjon) og «:» (divisjon).

Merk altso at me ikkje brukar bindestrek («-») eller tankestrek («-») som minusteikn. (Men ikkje alle skrifter inneheld ekte minusteikn, so viss du omset eit program med ei skrift utan det, kan du til nød bruka tankestrek, som ofte liknar.)

Rett gongeteikn er altso «·», ikkje «X», «x» eller «*» (dei to siste er ikkje eingong ekte gongeteikn). Men skjermoppløysingar skriv me med teiknet «×», med *hardt* mellomrom før, og vanleg mellom etter:

Skjermoppløysing: 1280 × 960

¹⁹ http://www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Skriveregler_og_grammatikk/Mellomrom/

(Dette er *ikkje* bokstaven «x», som gjerne er brukt i dei engelske originaltekstane. Bruk «Alt Gr + Shift + *» for å fram teiknet.)

Rett deleteikn er som nemnt «:», ikkje «/» eller «/» (sistnemnte er ikkje ein ekte delestrek, men ein vanlig skråstrek). Men brøkar skriv me med ekte teikn, « $\frac{1}{2}$ » og « $\frac{1}{4}$ », ikkje «1/2» og «1/4». Det finst nokre ferdige brøkar, mens andre kan me laga sjølve: $\frac{678}{987}$.

Original	Dårleg	Betre
2+2=4	2+2=4	2 + 2 = 4
8*8=64	8*8=64	8 · 8 = 64
42-2=40	42 - 2=40	42 – 2 = 40
42/2=21	42/2=21	42 : 2 = 21
Resolution:	Oppløysing:	Oppløysing:
640x480	640x480	640 × 480

7.8.5 Store og små bokstavar – eintal og fleirtal

Einingane «bit» og «byte» skal forkortast til «b» og «B». Merk forskjellen på store og små bokstavar. «1 000 mb» er «1 000 millibit» – altså *ein* bit! Det hender originalteksten inneheld slike feil. Det skal ikkje omsetjinga gjera.

Alle einingar skal vera like i fleirtal som i eintal. For eksempel heiter det «meter» og ikkje «metrar». Dette gjeld òg «bit» og «byte».

Original	Dårleg	Betre
5 kilometers	5 kilometrar	5 kilometer
80 kilobits	80 kilobiter	80 kilobit
17 bytes	17 bytes	17 byte

7.8.6 Ordet «per» og symbol

Ordet «per» (eller tilsvarende) skriv me *alltid* som ein vanleg skråstrek («/») i SI-systemet. Merk: Ikkje som ein deleskråstrek, «/». Dette gjeld sjølv om originalteksten brukar noko anna. Som ein generell regel brukar me òg symbola og ikkje namna på einingane (men gjer unntak der namna passar, eksempelvis i lengre hjelpetekstar).

Original	Dårleg	Betre
kpbs	kpbs	kb/s
kbits/sec	kbit/sek	kb/s

7.8.7 Binærprefiks

Datamaskiner brukar binærtalsystemet, og potensar av 2 er veldig vanlege. Sidan $2^{10} = 1\,024$, som er veldig nært 1 000, oppstod det ein tradisjon med å bruka orda «kilobyte» og «megabyte» om 2^{10} byte = 1 024 byte og 2^{20} byte = 1 048 576 byte. Men «kilo» og «mega» er *definerte* til å vera tusen og éin million, og det oppstod sjølvstøtt misforståingar. For eksempel var det veldig populært å bruka SI-definisjonen ved sal av harddiskar, men binærdefinisjonen ved kjøp . . .

Etter kvart vart vanlegvis SI-megabyte brukte i samband med minne, men «binær-megabyte» i samband med harddiskar og lagringsplass. I modemsamanheng var ein «kb» 1 000 bit, mens i andre samanhenger var det vanlegvis 1 024.

Heldigvis finst det ei løysing på dette problemet. I 1998 standardiserte IEC *binærprefiks*. Desse brukar dei to første bokstavane i dei vanlege prefiksa, pluss bokstavane «bi» (av «binary»). Dei gamle prefiksa skal i datasamanheng brukast som definert i SI-standarden (slik at ein kilobyte er tusen byte).

Faktor	Namn	Symbol
2^{10}	kibi	Ki
2^{20}	mebi	Mi
2^{30}	gibi	Gi
2^{40}	tebi	Ti

Uttalen følgjer vanlege norske uttalereglar (òg på engelsk!).

Desse prefiksa vert brukte i stadig fleire program og vitskaplege tidsskrift. I omsetjingane brukar me *konsekvent* desse prefiksa der dei passar, uavhengig av kva originalteksten seier. Dette for å unngå misforståingar.

Viss programmet faktisk *brukar* kilobyte, megabyte eller liknande skal du sjølvstøtt ikkje endra dette til kibibyte, mebibyte og gibibyte. Det er berre viss programmet *feilaktig* brukar SI-eingane du skal retta dette til binærprefiks. Det er derfor særst viktig å sjekka at programma faktisk *meiner* for eksempel «kibibyte» når det seier «kB», «KB», «kb», «kbytes» eller liknande. Sjå i kjeldekoden (viss programmet deler

på «1 024», brukar det kibibyte, og viss det deler på «1 000» brukar det kilobyte), eller kontakt forfattaren.

Original	Dårleg	Betre
kB	kB	KiB (viss korrekt)
Kb	Kb	Kib (viss korrekt)
gb	gb	GiB (viss korrekt)
mbytes/sec	mb/s	MiB/s (viss korrekt)

Du kan òg lesa meir informasjon om binærprefiksa²⁰ og einingar generelt²¹, viss du er interessert i det. Elles er dokumentasjonen til «SIunits»²² ein framifrå ressurs viss du er typen som likar å grava deg ned i alle detaljar rundt SI-standardten.

7.9 Samsvarbøying

Samsvarbøyinga vil kort sagt seia at me bøyer adjektiv i både kjønn, tal og bestemming. Det heiter for eksempel «ei val**d** melding» men «eit valt dokument» og «fleire val**de** dokument». Vidare heiter det «ein les**en** e-post», men «den les**ne** e-posten». Etter 2012-reforma vart det lov å bruka forenkla samsvarbøying for svake verb, men me har valt å halda på full samsvarbøying. Det er ikkje så vanskeleg som det kanskje høyrer ut.

Språkrådet har ei enkel men ufullstendig innføring i full samsvarbøying²³, og i bladet Statsspråk nr. 4/97²⁴, finn du ei meir omfattande oversikt (med overskrifter som «Berre for spesialistar» og «Berre for professorar», men det gjeld for alle oss omsetjarar òg!).

Elles, dersom du er i tvil om samsvarbøying for eit ord, er det berre å bruka programmet ordbanken²⁵. Dette gjer det lett å slå opp alle formene av eit grunnord, og viser resultatet i ein oversiktleg, fargekoda tabell. Det har òg eit tilhøyrande KDE-grensesnitt.

²⁰ <http://physics.nist.gov/cuu/Units/binary.html>

²¹ <http://physics.nist.gov/cuu/Units/>

²² <http://mirror.ctan.org/macros/latex/contrib/SIunits/SIunits.pdf>

²³ http://www.sprakradet.no/nb-no/Tema/Skole/Nynorsk.nett.no/Minigrammatikk/Full_samsvarsboeying/

²⁴ <http://web.archive.org/web/20021220062543/http://www.sprakrad.no/stat974.htm#samsvar>

²⁵ <http://huftis.org/artiklar/ordbanken/>

8 Eksterne hjelpemiddel

Her er ei oversikt over nokre eksterne, *elektroniske* hjelpemiddel som er nyttige å kjenna til i omsetjingsarbeidet. Elles finst det eit hav av ordbøker, oppslagsverk og liknande, trykt på daude tre. Språkrådet har ei liste over nokre av desse ikkje-elektroniske hjelpemidla²⁶.

8.1 Ordbøker og ordlister

8.1.1 Generelt

- Bokmålsordboka og Nynorskordboka²⁷
- Dataspråk²⁸ (Språkrådet)
- Avløysarord²⁹ (Språkrådet)

8.1.2 Matematikk

- Engelsk–norsk og norsk–engelsk matematisk ordliste³⁰
- Engelsk–norsk ordliste i diskret matematikk³¹
- Engelsk–norsk statistikkordliste³²
- Fleirspråkleg statistikkordliste³³ (omfattande)

8.1.3 Økonomi

- Engelsk–norsk og norsk–engelsk økonomisk ordliste³⁴
- Norsk økonomisk ordbok³⁵
- Norsk økonomisk ordbok³⁶ (Noregs bank)

²⁶ http://www.sprakrad.no/nb-no/Sprakhjelp/Rettskrivning_Ordboeker/Nyttige_hjelpemidler/

²⁷ http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek_nynorsk.html

²⁸ <http://www.sprakradet.no/Sprakhjelp/Raad/Dataspraak/>

²⁹ <http://www.sprakradet.no/Sprakhjelp/Raad/Norsk-for-engelsk/Avloeyesarord/>

³⁰ <http://folk.uio.no/klara/ordliste/>

³¹ <http://www.math.ntnu.no/emner/TMA4140/2003h/dict.pdf>

³² <http://www.ux.uis.no/~jtk/matstat/ordliste/>

³³ <http://isi.cbs.nl/glossary/index.htm>

³⁴ http://web.archive.org/web/20081211072952/http://www.it-fag.no/skole/okinf/okonomi_informasjonsbehandling/fagressurser_tips/okonomiske_begreper_engelsk.htm

³⁵ <http://oekonomi.no/ordliste/>

³⁶ <http://www.norges-bank.no/no/ord-og-uttrykk/>

- Engelsk–dansk finansiell ordbog³⁷

8.1.4 Data

- Svenska datatermgruppen³⁸

8.1.5 Dyr, fuglar og fisk

- Artsatlas³⁹ (arter i norske farvatn)
- Aqualex⁴⁰ (akvariefisk)
- FishBase⁴¹ (omfattande fiskedatabase)

8.1.6 Anna

- Medieordliste⁴²
- Fotoleksikon⁴³

8.2 Dataomsetjingsordlister

8.2.1 Ordlister frå ferdig omsett programvare

- Microsoft-programvare⁴⁴
- Apple-programvare⁴⁵

8.2.2 Andre dataomsetjingsordlister

- KDEs biletordbok («Visual Dictionary»)⁴⁶
- Fellesordliste⁴⁷ for Skulelinux-prosjektet

³⁷ <http://www.danskebank.dk/da-dk/Privat/Opsparing-og-investering/Investering/Raadgivning/Pages/Finansiellordbog.aspx>

³⁸ <http://www.nada.kth.se/dataterm/rek.html>

³⁹ <http://www.beredskapsportalen.no/Contact/artsatlas.htm>

⁴⁰ <http://web.archive.org/web/20041213210713/http://home.online.no/~hotterho/>

⁴¹ <http://www.fishbase.org/search.php>

⁴² <http://org.ntnu.no/smin/ordlista.html>

⁴³ <http://www.foto.no/cgi-bin/leksikon/index.cgi>

⁴⁴ <http://msdn.microsoft.com/en-us/goglobal/bb688105.aspx>

⁴⁵ <http://developer.apple.com/internationalization/localization/>

⁴⁶ <http://il8n.skulelinux.no/nb/bildeordbok/bildeordbok.html>

⁴⁷ <http://il8n.skulelinux.no/nb/Fellesordl.eng-no.html>

- Namn på språk⁴⁸ (språkkodar, engelsk, fransk, nynorsk og bokmål)
- Namn på land⁴⁹ (landskodar, engelsk, fransk, nynorsk og bokmål)

8.3 Skrivereglar

- Skrivereglar og grammatikk⁵⁰ (Språkrådet)
- Skrivereglar, rettskriving og teinsetjing⁵¹ (Korrekturavdelingen)
- Ofte stilte språkspørsmål⁵² (Språkrådet)
- Boka Godt språk i lærebøker⁵³ (omfattande og veldig god, frå Språkrådet)

8.4 Diskusjonsgrupper

- E-postlister og IRC-kanalar for omsetjing av fri programvare⁵⁴
- Språkrådets datatermgruppe⁵⁵
- no.fag.spraak.fagord⁵⁶ (fagord)

9 Kjelder

Her er ei oversikt over kjeldene brukte til utforming av desse retningslinjene. I tillegg er mykje informasjon henta frå eksisterande Skulelinux-dokument. Andre kjelder er dei ulike lenkjene spreidde rundt i dokumentet.

- Dansk «Vejledning til oversættere⁵⁷» av fri programvare
- Svenske «Språklige riktlinjer⁵⁸» for Sun-programvare

⁴⁸ <http://i18n.skulelinux.no/kodar/sprak.html>

⁴⁹ <http://i18n.skulelinux.no/kodar/land.html>

⁵⁰ http://www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Skriveregler_og_grammatikk/

⁵¹ <http://www.korrekturavdelingen.no/>

⁵² http://www.sprakradet.no/Sprakhjelp/Raad/Spoersmaal_og_svar/

⁵³ <http://www.sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Raad/Laerebokspraak/>

⁵⁴ <http://wiki.skulelinux.no/Hjelp/Kontakt/Mailinglister>

⁵⁵ <http://www.sprakrad.no/nb-N0/Tema/Terminologi-og-fagspraak/Datatermar/>

⁵⁶ news.no.fag.spraak.fagord

⁵⁷ <http://www.klid.dk/dansk/oversaet.html>

⁵⁸ http://developers.sun.com/global/technology/translation/style-guides/SV_Style_Guide.pdf